



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
13/22	Formannskapet	01.02.2022
27/22	Kommunestyre	21.03.2022

Detaljregulering-reguleringsplan-Slagnes-E40- 1gangs offentlig ettersyn

Samandrag:

Per Mulvik AS har på oppdrag frå grunneigar Vik Bygg og Trelast AS utarbeidd detaljreguleringsplan på Slagnes i Vanylven kommune på eigedom 42/2. Planen fremjar ønskje om å legge til rette for sal av fritidsbustadar.

Formannskapet vedtok i sak FO-43/21 i møte den 16.03.2021 å legge forslag til detaljregulering for E40-Slagnes til offentlig ettersyn i 6 veker. Etter 1 gongs høyring kom det inn 6 merknadar. Vik Bygg har endra planen for å imøtekomme desse merknadane og innspel som er motteke ved varsla oppstart.

Kommunestyre 21.03.2022:

Behandling:

Samrøystes vedtak som framlegget.

KO- 27/22 Vedtak:

Detaljregulering – Hasleneset revidert 29.10.2021 vert godkjent i samsvar med plan- og bygningslova §12-12 med dei endringane som ligg føre i merknadshandsaminga til Vanylven kommune.

Formannskapet 01.02.2022:

Behandling:

Samrøystes vedtak som framlegget.

FO- 13/22 Vedtak:

Detaljregulering – Hasleneset revidert 29.10.2021 vert godkjent i samsvar med plan- og bygningslova §12-12 med dei endringane som ligg føre i merknadshandsaminga til Vanylven kommune.

Kommunedirektøren si tilråding:

Detaljregulering – Hasleneset revidert 29.10.2021 vert godkjent i samsvar med plan- og bygningslova §12-12 med dei endringane som ligg føre i merknadshandsaminga til Vanylven kommune.

Vedlegg:

Vanylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan - etablering av frittiliggande fritidsbustader gbnr 42/2 - E40 Sлагnes - reviderte plandokument - fråsegn ved offentleg ettersyn

Detaljregulering for E40 - Sлагnes - reviderte plandokument

3039 Planomtale 2021_10_29

Sлагnes_3039_Plankart_2021_10_29

Sлагnes_3039_Plankart_2021_10_29

Vedlegg_01_Sлагnes_3039_Plankart_2021_10_29-A2-L

Vedlegg_02_3039_Føresegner_2021_10_29

Vedlegg_03_3039_Referat frå oppstartsmøte

Vedlegg_04_3039_Varslingsbrev med vedlegg_2020_08_25

Vedlegg_05_3039_Varslingsannonse Synste Møre

Vedlegg_06_3039_Samla innspel til oppstart

Vedlegg_07_3039_ROS-analyse_2021_10_29

Vedlegg_08_3039_Sjekkliste ROS_2021_10_29

Vedlegg_09_Sjekkliste naturmangfald

Vedlegg_10_Geologisk vurdering gbnr 42 2 på Sлагnes i Vanylven kommune

Per Mulvik AS har på oppdrag frå tiltakshavar/grunneigar Vik Bygg og Trelast AS utarbeidd detaljreguleringsplan på Sлагnes i Vanylven kommune på eigedom 42/2. Planen fremjar ønskje om å legge til rette for sal av fritidsbustadar.

Formannskapet vedtok i sak FO-43/21 i møte den 16.03.2021 å legge forslag til detaljregulering for E40-Sлагnes på eigedom gnr. 42 /bnr. 2 til offentleg ettersyn i 6 veker.

Ved varsel om oppstart av planen vart det motteke 4 innspel, medan det etter 1. gongs høyring kom 6 merknadar innan tidsfristen. Tiltakshavar har sendt forslag til revidert plan datert 29.10.2021, og svarar ut innspela i revidert planomtale. Planområdet er her redusert til å dekke berre E40 i kommunen sin arealdel. Denne planen vart sendt av kommunen til fylke og statsforvaltar for ny uttale den 13.12.2021. I brev frå fylket datert 18.01.2022 og frå statsforvaltaren 04.01.2022, vert motsegn til planen frå 1. gongs høyring trekt.

Vurdering og konklusjon:

Innspel til planen var følgjande:

Samla innspel frå varsla oppstart og merknadar til detaljreg. Sлагnes-E40 ved 1 gongshøyring	Tiltakshavar kommentar og /forlag til revidert plan	Uttale til revidert plan datert 29.10.2021 ved 2 gongs høyring
<p>1. NVE (15.09.2020 og 18.03.2021):</p> <p>1) NVE kjem med generelt innspel der det vert peika på at god arealplanlegging er det viktigaste verkemiddelet for å førebyggje skade frå flaum, erosjon og skred. Omsyn til flaum må også sjåast i samanheng med handtering av overvatn</p> <p>2) NVE ber om at dersom planen får følgjer for deira saksområde, så skal dei ha planen tilsendt ved offentleg ettersyn.</p>	<p>1) Innspelet er notert. Der er utarbeidd rapport frå geolog/hydrolog som følgjer planframlegget.</p> <p>2) Då planområdet ligg innanfor marin grense, vert NVE sitt fagområde råka. NVE får planen tilsendt ved offentleg ettersyn.</p>	<p>Kommuneadministrasjon:</p> <p>Ingen merknad til endringar som tiltakshavar føreslår.</p>
<p>2. Statens Vegvesen SVV (16.09.2020):</p>	<p>1) Teke til vitande. Planframlegget følgjer</p>	<p>Kommune administrasjon:</p> <p>Ingen merknad til endringar</p>

<p>1) SVV har ingen innvendingar til at planarbeidet startar opp så lenge det vert lagt til rette for tiltak som er i samsvar med kommuneplanen sin arealdel i føremål og utstrekning.</p> <p>2) Trafikktryggleik må vurderast heilskapleg med tanke på den auka trafikken tiltaket vil medføre. SVV meiner ein må sjå på trafikktryggleiken frå krysset til fylkesveg 61 og fram til planområdet. Det vert her lagt vekt på både køyretøy og mjuke trafikantar, samt ev. eksisterande skuleveg.</p> <p>3) SVV rår til at vegnormalane vert nytta, også for private vegar.</p>	<p>grensene til område E40 i kommunen sin arealdel.</p> <p>2) Merknad er teke til vitande. Trafikksituasjon og tryggleik er gjort greie for i planomtalen sitt kapittel 6.7 og 7.8. Etablering av inntil 12 frittliggande fritidsbustadar tilseier ÅDT=1,6. Altså ein marginal auke i høve eksisterande situasjon.</p> <p>3) Merknaden er teke til vitande.</p>	<p>som tiltakshavar føreslår.</p>
<p>3. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (17.09.2020 og 07.05.2021):</p> <p>1) Statsforvaltaren meiner kommunen må vurdere om det er rett å bygge ut med ordinære fritidsbustadar. Vidare vert det lagt vekt på at utbygging i LNF området inneber å bygge ned areal som etter overordna plan ikkje skal byggast ned. Statsforvaltaren fremjer motsegn mot ei utbygging som går nærare sjøen enn kva som er avklara i overordna kommuneplan.</p> <p>2) Syner til at ROS-analyse må inkludere kva effektar klimaendringar vil gje, og om planområdet er utsett for dette.</p>	<p>1) Vanylven kommune har ikkje fremja motsegn mot at ein regulerer til ordinære fritidsbustadar. Ein har etter første gongs offentleg ettersyn redusert planområdet.</p> <p>2) Innspel er teke til følgje.</p>	<p>Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (04.01.2022): Trekker motsegnene ved første gongs høyring.</p> <p>Kommune administrasjon: Ingen merknad til endringar som tiltakshavar føreslår.</p>
<p>4. Møre og Romsdal fylkeskommune (18.09.2020 og 07.05.2021):</p> <p>1) Fylkeskommunen rår til at området som ikkje er omfatta av E40 i kommunen sin arealdel vert teke ut av planen.</p> <p>2) Peika på at planområdet ser ut til å ligge mellom nokre steingardar. Der er også to SEFRAK registrerte bygningar. Rår til at steingardane vert liggande som eit karaktertrekk og bevart for framtida.</p> <p>3) Fylkeskommunen stiller krav om arkeologisk registrering då det vert</p>	<p>1) Etter første gongs offentleg ettersyn er planområdet redusert til å dekke området E40 i kommunen sin arealdel.</p> <p>2) Steingardane ligg som ei naturleg avgrensing av planområdet mot aust og vest. Desse er sikra med byggjegranser. Vidare er det avmerka 2 SEFRAK-registrerte bygg innanfor planområdet. Ingen av desse står i dag. Murane til stovehuset står igjen, men er i følgje fagrapporten frå dei arkeologiske registreringane «ein overgrodd ruin ved sida av ein gammal einebustad som står til nedfalls.» Ein har</p>	<p>Møre og Romsdal fylkeskommune (18.01.2021): Trekker motsegnene ved første gongs høyring.</p> <p>Kommune administrasjon: Ingen merknad til endringar som tiltakshavar føreslår.</p>

vurdert at planområdet har potensiale for automatisk freda kulturminne. Det vert også peika på at ved arbeid i vatn kan ein kome borti automatisk freda kulturminne, og minner om arbeidsstans og meldeplikt knytt til desse.	gjennom planframlegget lagt opp til at eksisterande våningshus skal takast vare på som fritidsbustad. 3) Etter motsegn ved første gongs offentleg ettersyn har planområdet blitt redusert. Som følgje av dette er også kulturminnet trekt ut av planen.	
5.Kystverket (18.03.2021): Ingen merknad.		Kommune administrasjon: Ingen merknad.
6.Bergen sjøfartsmuseum (28.03.2021): Ingen merknad.		Kommune administrasjon: Ingen merknad.
7.Mattilsynet (20.04.2021): Kommunalt drikkevatt til område vert forsynt av privat vassleidning. Det private fordelingsnett er registeringspliktig. Registrering skal finne stad før byggestart. Mattilsynet føreset at det blir laga gode avtalar og løysingar mellom kommunen og tiltakshavar for det private distribusjonssystemet når det gjeld sløkkevatn. Tilgrensande private brønnar med tilhøyrande tilsigfelt må kartleggast og takast omsyn til i den vidare planprosessen.		Kommune administrasjon: Ingen merknad.

Administrasjon tilrår ut i frå dette at reguleringsplan Slagnes E40 revidert 29.10.2021 vert godkjend.

Likestillingsmessige sider ved saka:
Konsekvensar for folkehelsa:
Miljøkonsekvensar:
Økonomiske konsekvensar:
Beredskapsmessige konsekvensar:
Konsekvensar for barn og unge:

Andreas Chr. Nørve
kommunedirektør

Helge Kleppe
kommunalsjef